



Uttale til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag meiner at landbruk får for lite fokus i planen. Me føreslår at det vert laga ein eigen temaplan for dette området. For at landbruket i Vestland fylke også i framtida skal kunne tilpasse seg stadige endringar i driftsvilkår, må det leggjast til rette for utvikling og mangfald.

Då fylkeskommunen etter regionreforma har fått hovudansvaret for utviklinga i landbruket, følgjer det med å ta ei aktiv rolle i utviklinga.

Sjølv om det er sentrale føringar som styrer investeringspolitikken (jordbruksavtalen), og desse sentrale føringane ikkje er tilpassa alle lokale forhold rundt i landet, må fylkeskommunen bruke det handlingsrommet som er, og leggja planar som tek omsyn til areal, topografi og dei ressursane me har her i fylket.

Vestland er eit fylke som blir hardt råka av negative endringar - jord ut av drift, bortfall av mjølkebruk, mange sauebruk med elendig økonomi og ein investeringspolitikk som ikkje treffer våre gardsbruk med sine ofte vanskelege areal. I Vestland fylke er 22% av den dyrka marka ute av drift, beite og utmark gror att. Ei mengd bønder legg ned kvar år, i Vestland mista vi 73 mjølkebruk frå 2019-2020.

I eit historisk perspektiv har kombinasjonsbonden vore heilt avgjerande for oppbygginga av den norske velferdsstaten, gjennom bruk av jord, skog, hav og utbygging av industri.

Norge har no ei sjølvbergingsevne på jordbruksvarer på 36% og store jordbruksareal som ikkje blir nytta. Då bør det være innlysande at me må sjå etter moglegheiter for å snu denne utviklinga. Pandemien har understreka behova for trygg matvaresikkerheit og at det ikkje er smart å forsterke sentraliseringa i landet

For Vestland fylke er det særleg viktig å vera tydeleg på utnytting av areal, både dyrka- og beiteareal. Levande og bærekraftige lokalsamfunn er framleis avgjerande for utvikling av næringsverksemd basert på norske ressurser og «det grønne skiftet».

Jordvern er avgjerande for å sikre matproduksjonen både lokalt og nasjonalt. Det viser seg at det er altfor lett for kommunane å gi dispensasjonar og omdisponere jordbruksareal til andre gode formål. Her meiner me at det er trøng for ein strategi der Statsforvaltaren og fylkeskommunen får større høve til å gripa inn.

Dessverre er ikkje nedbygging den einaste årsaka til at jord går ut av drift. Me skal verne om matjorda vår, men det er også viktig å syte for at denne jorda blir ivareteke, og brukt som dyrkjingsjord. Det er fleire grunnar til at jord ikkje vert drive, men der det er driveplikt må kommunen handheva den, det skjer i liten grad i dag. Kommune og Statsforvaltar har begge eit ansvar for at driveplikta vert handheva, det må følgjast opp.

Der det ikkje er driveplikt, må me sjå på andre løysingar som kan motivere til drift.

Husdyrkonsesjonslova skal leggje til rette for spredning av produksjon på fleire einheiter gjennom å regulere produksjonsomfanget hjå den enkelte bonde. Blir den brukt?

Me etterlyser ein plan for rekruttering av nye bønder, ein aktiv plan for nye brukarar og ein plan for å finne gode løysingar ved generasjonsskifte. Her trengs nytenking i forskrifter og lover som regulerer dette. Altfor ofte blir lokale løysingar og lokalt demokrati overkøyrd av byråkratar i Statsforvaltinga, utan synfaring og utan vilje til å setje seg inn i dei lokale løysingane. Det er vidare også eit problem at demokrati og ankomst til moglegheit stoppar her.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag

25.03.2021